
Saknr: 2020/46327-3
Saksbehandlar: Nils Geir Myrkaskog

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Rekneskap 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019, som syner kr 2 536 312 701,52 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 71 766 168,72 vert godkjent.
2. Mindreforbruket vert nytta slik:
 - a. 36 mill kr vert nytta til finansiering av investeringsrekneskapen 2020. Bruk av lån vert redusert tilsvarande.
 - b. kr 35 766 168,72 vert avsett til disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte).

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rekneskap 2019 SFFK
- 2 Rekneskapen 2019 Sogn og Fj fk Uttale frå kontrollutvalet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmann avla rekneskap for 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune 15. februar 2020. SF revisjon avla revisjonsmelding 20 april 2020. Kontrollutvalet vedtok uttale til rekneskapen i møte 11. mai 2020.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget.

Kommunelova § 48 nr 3, fastslår at det er fylkestinget sjølv som vedtek disponering av overskot og ev. dekking av underskot i samband med godkjenning av rekneskapen

Vurderingar og verknader

Rekneskapen for 2019 følgjer som vedlegg 1. I vedlegget ligg også revisjonsmelding for 2019 frå SF Revisjon IKS, datert 20.04.2020. Kontrollutvalet gav uttale til rekneskapen 11.05.2020, jf. vedlegg 2. Det vert elles vist til sak om godkjenning av årsrapport 2019 som er til handsaming i same møte.

Ved oversending av rekneskapen til revisjonen sende fylkesrådmannen ut slik pressemedieing:

«Sogn og Fjordane fylkeskommunen sin rekneskap for 2019 viser eit overskot på 71,8* mill.kr. Det er godt over gjennomsnittet dei seinare åra.

Netto driftsresultat (NDR) fortel kor godt resultat fylkeskommunen har. Det er no tilrådd at vi bør ha eit NDR på minst 4% av samla driftsinntekter. NDR for Sogn og Fjordane fylkeskommune var i 2019 på 18,3 mill.kr - noko som utgjer 0,5* % av samla driftsinntekter.*

I budsjettstyringa skil vi mellom anslagsløyvingar og ordinære løyvingar.

Anslagsløyvingane er kjenneteikna av at dei er lite «styrbare». Det betyr at sluttresultatet på aktuelle postar er avhengig av faktorar som ligg utanfor fylkeskommunal kontroll. Dei ordinære løyvingane er meir styrbare, og der skal fylkeskommunen ha større kontroll på sluttresultatet. Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare» løyvingar. Samla fekk vi i 2019 ei netto meirinntekt/innsparing på 53,5 mill. kr. Skatt og rammetilskot er her dei største postane. Dei utgjer i sum om lag 2,44 mrd. kr i 2019 og gav ei meirinntekt på om lag 18,5 mill. kr. Vidare viser rekneskapen meirinntekter knytt til premieavvik og pensjon på 17,3 mill. kr, på konsesjonskrafta (8,6* mill. kr) og på kapitalinntekter og -utgifter (8,8 mill. kr).*

For dei styrbare løyvingane har Sogn og Fjordane fylkeskommune hatt som prinsipp at ein skal ha budsjettdekning for dei tenestene vi yter. Med sterkt søkjelys på budsjett disiplin vert difor ikkje alle budsjettpostane nytta fullt ut; vi styrer så nær opp til 100% som råd. Det gjev mindre innsparingar på ein god del postar, og forklarar at vi kom ut med ei netto innsparing på 18,2 mill. kr. på sektornivå i 2019.

Sektornivået hadde ei netto utgiftsramme på nær 2,60 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 18,2 mill.kr. hadde sektorane - sett under eitt - ei budsjettgjennomføring på om lag 99,3 %. Ingen sektorar har brukt meir enn dei har hatt budsjettdekning for, dvs. at alle har såkalla mindreforbruk. Forvaltning kom ut med overskot 8,5 mill.kr. Dei fleste postane hadde mindreforbruk. Dei største er polisk styring (2,3 mill. kr), administrasjon (2 mill. kr), diverse fellesutgifter (1,4 mill. kr) og plan (1,4 mill. kr).

Opplæring kom ut med eit overskot på 7,1 mill.kr. Dei fleste postane hadde mindreforbruk, der dei største er skulelokale (4,2 mill. kr), spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring (3,85 mill. kr) og pedagogisk leining, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevar (3,45 mill. kr). Fagopplæring hadde eit meirforbruk på 4,5 mill.kr. Dei vidaregåande skulane og Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde eit samla mindreforbruk på ordinær drift på om lag 4,7 mill. kr i høve budsjettet. Skulane har resultatoverføring (til 2020) og nemnde innsparing påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Tannhelse fekk ei innsparing på 3,5 mill. kr. Også dei har resultatoverføring (til 2020) og innsparinga påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultat

Næring og kultur fekk eit overskot 0,8 mill. kr. 0,6 mill. kr av dette kom frå næring og 0,2 mill. kr frå kultur

Samferdsle fekk eit overskot 1,8 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er fylkesvegferjedrifta med 1 mill. kr og båtrutene med 0,8 mill.kr.

Fylkesveg - drift og vedlikehald - hadde eit mindreforbruk på 21,1 mill. kr. Dette vert overført til bruk seinare år. Det påverkar såleis ikkje rekneskapsresultatet.»

***endra som følgje av revisjonsarbeidet**

Revisjonsmelding

SF Revisjon IKS har i sin revisjonsmelding til årsrekneskapen 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune konkludert slik:

«Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.»

Uttale kontrollutvalet

Kontrollutvalet har i sin uttale til rekneskapen, handsama i kontrollutvalet 11.05.2020, gitt følgjande oppsummering/tilråding;

1. Kontrollutvalet har merka seg at netto driftsresultat i 2019 vart på 0,54 % av driftsinntektene medan målalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4 %. Kontrollutvalet ser også dette opp mot at netto driftsresultat i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 8 av dei 10 siste driftsåra har vore høgare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane og høgare enn målalet på 4 %.

2. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Kontrollutvalet merkar seg at lånegjelda var på 68,3% i 2019 - altså innafor det som er tilrådd. Den har vore relativt stabil - frå 67,4% til 70,8% - dei siste 5 åra.

3. Riksrevisjonen tilrår tilsvarande at kommunane har eit disposisjonsfond på minst 5 %. Det fondet var på omlag 21% i 2019 - altså godt over tilrådinga, men med ein liten nedgang frå dei to føregåande åra.

4. Kontrollutvalet oppmodar Vestland fylkeskommune om å prioritere å sette fokus på prosessar som kjem fram i revisorbrev nr. 6-2019 frå SF revisjon IKS.

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka samt revisjonsmeldinga av 20.04.2020 og revisjonsbrev nr. 6-2019, datert 23.04.2020, har ikkje kontrollutvalet merknader til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2019.

Fylkesrådmannen viser ellers til kontrollutvalet sin uttale som ligg vedlagt

Disponering av overskotet frå driftsrekneskapen

Overskotet til fylkeskommunen har variert i storleiken 15 - 72 mill. kr frå 2010-2019.

Fylkesrådmannen meiner dette er eit resultat av nøktern budsjettering og god budsjettkontroll.

Bruk/disponering av overskotet;

Kommunelova § 48 nr 3, fastslår at det er fylkestinget sjølv som vedtek disponering av overskot og ev. dekking av underskot i samband med godkjenning av rekneskapen. Disponeringa av overskotet har i Sogn og Fjordane fylkeskommune dei seinare åra vore gjort opp med avsetjing til disposisjonsfond (bufferfondet).

I møte i finansutvalet VLFK 26 mars 2020 vedtok finansutvalet ulike måltal/handlingsreglar som skal leggjast til grunn i det vidare budsjettarbeid, m.a.:

- Finansutvalet godkjenner at 50 % av rekneskapsoverskotet skal gå til å erstatte låneopptak.

Budsjett-/økonomiplanarbeidet 2021-2024 for Vestland fylkeskommune så langt syner store salderingsmessige utfordringar. Fylkesrådmannen rår til at resten av rekneskapsoverskotet vert avsett til disposisjonsfond og eventuell bruk vert vurdert/vedteke i handsaminga av Tertial 1/20 som skal handsamast i same møte som denne saka.

I tråd med føringane ovanfor rår fylkesrådmannen til slik disponering av rekneskapsoverskotet 2019 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- 36 mill kr vert nytta til finansiering av investeringsrekneskapen. Bruk av lån vert redusert tilsvarande.
- 35,766 mill.kr. vert avsett til disposisjonsfond retta inn mot eksterne støttetiltak i samband med korona-situasjonen.

Det vert lagt opp til liknande disponering av rekneskapsresultatet 2019 for Hordaland fylkeskommune.

Konklusjon

- Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019, som syner kr 2 536 312 701,52 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 71 766 168,72 vert godkjent.
- Mindreforbruket vert nytta slik:
 - a. 36 mill kr vert nytta til finansiering av investeringsrekneskapen 2020. Bruk av lån vert redusert tilsvarande.
 - b. kr 35 766 168,72 vert avsett til disposisjonsfond (korona-situasjonen; ekstern støtte).